Dei nyinnvalde lemer av Haus-
husmorvikarnemnd saman med
det gamle styret var samla til
møte hos Olga Riigstad, tisdag
den 20. februar 1951.

Sakliste:

I. Av-vikling og avslutting av rekneskap
for 1950, etter at kommunen tok
yvertake arbeidet.

II. Konstituering av det nye styret.

III. Heradstyret sitt vedtak om
tilsetjing av 4 vikarar.

Desse vedtak vart gjort:

Sak I. Då det synte seg at rekne-
skapen ikkje var revidert, vart
det vedteke, å få dette gjort
snarast, so han gjennom vikar-
nemnda kunde bli avsendt

kommunen snarast mogeleg.

Sak. II. Formannskapet melde frå at
fylgjande vart utnemnd til ny
husmorvikarnemnd:

| | | |
|---|---|---|
| Olga Riigstad | varamann | Magna Pettersen |
| Klara Stephansen | " | Karen Eiken |
| Anna Ytreaune | " | Anna Amundsen |
| Ruth Hannes | " | Borghi. Venne |

Olga Riigstad vart vald som
formann, Klara Stephansen som
nestformann.

Skrivar vart ikkje vald, då
ein ville søkja formannskapet om
å få nemndi supplert med ein
lem til, slik at den noverande
skrivar Magna Pettersen fekk sin
i denne plass.

Sak III. I same skriv som ovanfor nemnd
melde formannskapet frå at
heradstyret sitt vedtak om

tilsetjing av 4 vikarar i Haus, var
godkjendt av fylket.
Vidare bad dei um fråsegn um
det var turvande å lysa ut desse
postar, eller um kommunen utan
vidare kunde yverføra vikarane
i si teneste.
Dette vedtak vart gjort:
Hausmorvikarnemndi finn det
turvande å lysa ut dei ledige
postane, etter dei nye løns og
arbeidstilhøve.
(Sjå elles korrespondanse)

Etter at desse sakene var
ferdigbehandla, vart det ordskifte
um overtidsarbeide, reisepengar,
amb. av vikarar.
Det var einigheit um at evt.
overtid, må det ytast tilsvarande ~~[illegible]~~ fri-
tid for.
Reisepengar må vikarane dekkja sjølv.

Vidare var det einigheit um at vikarane
må ambulera, og setjast inn i dei
heimar der dei trengst mest, sjølv
um dette skulde vera i ein annan
krins.
Med dette var møtet slutt.
For det gamle styret møtte desse:
fru Rugstad, fru Birkeland,
fru Ytreæne, fru Eiken
fru Stephansen, fru Pettersen
For det nye styret møtte desse:
Olga Rugstad, Klara Stephansen
Anna Ytreæne, Ruth Aanes.

Magne Pettersen
skrivar